



Arvid Edgar Eik
Totlandsvegen 472 C
5226 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6086 - 20/46703

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
22.07.2020

Oppfølging av pålegg om retting og tvangsmulkt - gbnr 422/6 m.fl.Rikstad

Alver kommune viser til pålegg om retting og tvangsmulkt datert 12.09.18 i sak 17/1683 i tidlegare Radøy kommune. Klagesaka vart avgjort i vedtak frå Fylkesmannen i Vestland datert 27.02.20.

Kommunen orienterer med dette om at vi vil følgje opp vedtaket og starte innkreving av eingongsmulkt og tvangsmulkt frå **17.08.20** dersom vi ikkje har motteke melding og dokumentasjon på at retting er utført.

Vedtak:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om retting. Retting må skje ved at utført tiltak førast attende som følger;

- *Vegen skal etter tilbakeføring ha same breidde og følgje same trase som før arbeidet vart utført.*
- *Vegen skal ha toppdekke i samsvar med det som var før arbeidet vart utført.*
- *Tilført masse skal fjernast, både i sjølve vegtraseen og i grøftar/fyllingar*
- *Der det er teke ut massar/etablert skjeringar skal både stein og jordmassane leggjast tilbake og sår i terrenget skal såast til.*
- *Røyr gjennom veglegemet skal fjernast.*

Pålegg om retting må vere etterkomen innan 31.10.2018.

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det vedteke slik tvangsmulkt:

- 1. Eingongsmulkt på kr 20 000,- etter utløp av pålagt frist.*
- 2. Tvangsmulkt på kr 500,- per dag etter utløp av pålagt frist.»*

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arvid Edgar Eik

Totlandsvegen 472 C

5226

NESTUN